

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen		16/982

Saknr	Utval	Type	Dato
013/2016	Kraftfondsstyret	PS	29.11.2016

### Vidareføring av deler av tenestene utført av BRB – via samarbeidsavtale m/Hordaland fylkeskommune

#### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Masfjordenint	17.11.2016
Masfjordenkomm	17.11.2016
Notat om vidareføring av tenestene i BRB, revidert 19.09.2016.	17.11.2016

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Masfjorden kommune sluttar seg til intensjonsavtalen med Hordaland fylkeskommune om vidareføring av deler av tenestene utført av tidlegare BRB. Kostnader med deltaking er innarbeidd i kraftfondsbudsjettet for 2017, og utgjer om lag kr. 12.000,-.**

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Eigarane i Business Region Bergen og Hardangerrådet, har i fellesskap utarbeidd eit framlegg for å ivareta og styrke nokre av tenestene frå Business Region Bergen. Dette gjeld i hovudsak Etablerersenteret og prosjektet «Invest in Region Bergen».

Hordaland fylkeskommune tar no hovudansvaret for dei to prosjekta i eit spleiselag med kommunane. Fylkeskommunen ønskjer at alle kommunane i fylket skal ta del i tenestane, men er avhengig av ei felles finansiering for å få til dette.

Det er lagt opp til følgande finansieringsmodell:

Kommunane: kr 7 pr innbyggjar

Fylkeskommunen: kr 7 pr innbyggjar

Finansieringa syter for lønn til dei tilsette, kostnader til kurs og reiser, og eventuelle investeringar som kan styrke dei to prosjekta.

*Hordaland fylkeskommune ber om at kommunane signerer og returnerer vedlagte intensjonsavtale gjeldande finansiering, innan 1. desember. Fylkeskommunen er avhengig av å få på plass desse*

*avtalane snarleg for å sikre ei saumlaus vidareføring av prosjekta.*

### **Fakta**

Intensjonsavtale, eigarane i Business Region Bergen AS i møte 26.05.2016 sette ned ei representativ arbeidsgruppe for å legge fram eit alternativ til organisering og finansiering av dei oppgåvene som vart ønska vidareført i fellesskap frå Business Region Bergen. Hordaland fylkeskommune, ved Fylkesdirektør for Regional utvikling, leia gruppa og er sekretariat for arbeidet. Oppgåvene og framlegg til organisering er presentert i eit eige notat som er vedlagt.

Framlegget som vart presentert, og som eigarkommunane i BRB og Hardangerrådet slutta seg til i møte 24.06.2016, peikar i hovudsak på to oppgåver som skal finansierast i fellesskap mellom Hordaland fylkeskommune og kommunane i Hordaland. Dette gjeld Etablerersenteret og Invest in Region Bergen.

Etablerersenteret vert lagt til Fylkeskommunen under merkevara «Etablerersenteret» og vil ha eige kostnads- og finansieringsbudsjett. Etablerersenteret skal arbeide utadretta i fylket og vil samarbeide tett med dei eksisterande nærings- og etablereraktørane i kommunane / regionane. Dette vil heve den totale innsatsen og den samla kompetansen innan arbeidet med etablerertenesten i fylket.

Invest in Region Bergen vert lagt til Hordaland fylkeskommune, men det er tydeleg at det er merkevara «Region Bergen» som skal fremjast. «Region Bergen» vil representere heile fylket (dei kommunane som er med og betaler), men det er semje om å nytte «Bergen» i merkenamnet for regionen, då dette har eit godt renommé i utlandet. Oppgåvene vert etablert som eit «næringsutviklingsprogram» i Hordaland fylkeskommune, med eige kostnads- og finansieringsbudsjett. «Invest in region Bergen» inneber å vere kommunane sin representant i møte med investeringsinteressentar.

Begge prosjekta vil ha ei styringsgruppe som representerer kommunane. Vidare vil det kvart år verte invitert til ordføringsmøte for å drøfte strategiske grep for prosjekta.

For å sikre dei tilsette som er knytt til dei to prosjekta treng fylkeskommunen å få på plass intensjonsavtalar for finansiering med alle kommunane så snart som råd.

Følgjande finansieringsmodell sikrar oppgåvene som skissert:

Etablerersenteret: kr 3 per innbyggjar årleg

Invest in Region Bergen: kr 4 per innbyggjar årleg

Hordaland fylkeskommune betaler årleg samla kr 7 per innbyggjar i Hordaland fylke.

Masfjorden kommune betaler kr 7 pr innbyggjar for å dei to prosjekta Etablerersenteret og Invest in Region Bergen. Det vert teke atterhald for justeringar i høve årlege budsjetthandsamingar i kommunane og fylkeskommunen. Det vert utarbeidd ein avtale som regulerer samarbeidsforholdet ytterlegare frå 2017.

Viser elles til saksvedlegga

### **Konklusjon**

tilrår at Masfjorden kommune signerer intensjonsavtale og inngår samarbeid med Hordaland fylkeskommune som inneber flg. tilskot frå Masfjorden fordelt på hhv.

Etablerersenteret: kr 3 per innbyggjar årleg

Invest in Region Bergen: kr 4 per innbyggjar årleg

Og med basis i folketalet 2016 inneber ein kostnad på om lag kr. 12.000

### **Kraftfondsstyret - 013/2016**

#### **KRFT - behandling:**

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **KRFT - vedtak:**

**Masfjorden kommune sluttar seg til intensjonsavtalen med Hordaland fylkeskommune om vidareføring av deler av tenestene utført av tidlegare BRB. Kostnader med deltaking er innarbeidd i kraftfondsbudsjettet for 2017, og utgjer om lag kr. 12.000,-.**